

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 04.06.2015
SAKSHANDSAMAR: Kst. Administrerende direktør Ola Rye
SAKA GJELD: **Risikovurdering 1. tertial 2016**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 026/16

STYREMØTE: 04.05.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek risikovurdering per 1. tertial 2016 til etterretning.

Oppsummering

Tiltak for å nå mål og styre risikoområde er lagt inn som ein del av ordinær handlingsplan for verksemda og med dette styre mot ein jamn risikoreduksjon gjennom dagleg drift.

Gjennom fyrste tertial i 2016 viser det samla risikobilete ein reduksjon for risikoområde 3 (SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste...) og risikoområde 4 (Alle arbeidsprosessar har standardisert god kvalitet...). Risikoområde 1 (Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast..) er i hovudsak uendra men med noko auke risiko innan styringsmål 1.3 (SAV tek del i og sikrar oppslutning, engasjement og gode prosessar kring arbeidet med kurve) der ressurskrav og framdrift i regionale og lokale prosjekt pregar risikobilete for SAV.

Innan styringsmål 2 (SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning...) har størst usikkerheit i høve til å ta ned risiko, da ein ser at tiltak på dette området tar tid å implementere og at SAV er avhengig av nasjonal utvikling og prosessar i sjukehusføretak i vår region.

Fakta

Status i første tertial er:

Styringsmål 1 «Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast i helsetenesta.»

har risiko knytt til riktig og trygg bruk av legemiddel i heile pasientforløpet og risiko knytt til ressursituasjon og manglande framdrift i regionale prosjekt som pregar risikobiletet for SAV.

Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning..»

har risiko knytt til at nasjonal strategi må utviklast, tiltak i handlingspaner har noko ujamn framdrift medan samarbeidet med sjukehusføretaka rundt dette er betra.

Styringsmål 3 «SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste gjennom fokus på pasientane ...» har risiko i høve til auke i mangelsituasjonar på legemidlar og auka behov for å styre legemiddelkostnader medan risiko ved manglande dialog med kundar er noko redusert.

Styringsmål 4 «Alle arbeidsprosessar (leiarprosessar, kjerneprosessar og støtteprosessar) har standardisert god kvalitet...» har risiko knytt til endring av sentrale apoteksystem medan risiko ved framdrift på utvikling og implementering av nye prosessar er redusert gjennom re-planlegging av verksemdstyringsprosjektet i SAV.

Det er ikkje teke inn nye eller teke ut risikomoment i tertialet. .

Kommentarar

Tiltak i høve til dei identifiserte risikoområda er innarbeid i dei ordinere handlingsplanane i Sav, og gjennom dette oppnå risikoreduksjon gjennom dagleg drift.

Konklusjon

Risiko er redusert i første tertial og alle delmål har risiko på eit nivå som kan handterast. Under Styringsmål 2 «SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning..» er det delelement med høg risiko ved utgangen av tertialet og der vert tiltak prioritert.

SAV vurderer jamleg om ny risiko oppstår og treng handsaming.

Vedlegg

1. Risikomatrise SAV 1.tertial 2016